



Knut-Morten Straume  
SLETTEVEGEN 1335  
5939 Sletta

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3042 - 22/27772

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:  
07.04.2022

## Vedtak - søknad om bakkeplanering - Gbnr 493/8 Straume

Administrativt vedtak: Saknr: 407/22

### VEDTAK:

Alver kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på GBNR 493/8 i tråd med søknad og kart datert 01.04.2022 samt følgeskriv av 21.04.2022

Tiltaket skal gjennomførast innan 31.03.2026

Løyvet er gjeve på slike vilkår:

- Knut Morten Straume (grunneigar) står ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket sett.
- Det må berre køyrast på reine jord- og steinmassar. Kvart lass skal så langt som råd vere dokumentert.
- Arealet skal ferdigstillast til jordbruksarealet enten fulldyrka, overflatedyrka jord eller innmarksbeite i samsvar med krav i arealressurssystemet AR 5.
- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsett av Landbruksdepartementet.
- Tiltaket skal sikrast mot avrenning
- I nedbørrike periodar bør det ikkje tippast massar eller flyttast massar inne på området.

Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminne § 8, 2 ledd.


Alver kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.

Vedtaket har heimel i forskrift om begrensning av forurensing kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planerings fel §§ 4-4, 4-5,4-6 og 4-8.

### Saka gjeld

Eigar av 493/8 ynskjer å ta i mot reine jordmassar frå prosjekt dei(firma til eigar) arbeidar med. Massane skal nyttast på eit steinsatt område for å etablere dyrka mark. Området har tidlegare vært skrint beite med berg i dagen og er i dag planert og er klart for å ta i mot massar.

Arealet ligg i nærleiken av driftsbygning og anna dyrka mark som eigar nyttar i dag.



Det er vurdert at det vil vere ca 4000kubikk med massar som skal tilførast arealet som vil vera nok til å eit godt jordlag for grasproduksjon.

### VURDERING:

Området er i kommuneplanen LNFR området og tiltaket er i samsvar med dette. Formålet med mottak av massar i denne saka er å auke areal for grasproduksjon som vil styrke føgrunnet på garden. Alver kommune har fokus på å nytta overskotsmassar til aktive bønder i staden for at store ressursar vert liggande unytta. Søkjar jobbar i anleggsbransjen og har god erfaring med ulike massar som gjer at han kan handtera dette på ein god måte.

Søknaden er vurdert i høve til forurensingsforskrifta kap 4, bakkeplaneringsforskrifta. Bakkeplaneringsforskrifta sitt verkeområde og formål er: Denne forskriften gjelder anlegg av planeringsfelt samt drift og vedlikehold av nye og eksisterende planeringsfelt. Forskriften har til formål å forebygge, begrense eller stanse forurensning/erosjon fra planeringsfelt.

### Landskapsbilete/friluftsliv/kulturminne

Arealet rundt er eksisterende jordbrukslandskap, og når anlegget er ferdig vil det gli fint inn i kulturlandskapet.

Det er ingen kjente kulturminne på området. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminne § 8, 2 ledd.

### *Avrenning/ureining/utgliding*

Erfaringsmessig er det partikkelavrenning i form av humus som er den største utfordringa frå jordtippa. I dette prosjektet går avrenning og drenering rett til sjø. Ein bør unngå flytting av massar i nedbørsrike periodar. Det vil berre verta gitt løyve til tilkjøring av reine jord og steinmassar. Det må etablerast mottakskontroll slik at ein har kontroll med kva massar som vert kjørt inn på tippa.

### *Drenering*

Området er planlagt med profilering og anna drenering vil koblast saman med eksisterande grøfter på garden.

### *Naturmangfald*

Det er gjort søk i naturbase og artsdatbanken. Det er ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av tiltaket. Etter landbruksavdelinga sitt syn er kunnskapsgrunnlaget etter i naturmangfaldlova tilstrekkeleg utgreidd.

Generelt gjeldt det at alle inngrep som vert gjort i naturen skal utførast mest mogleg varsamt. Ut frå ei samla vurdering meiner kommunen at det er tatt naudsynt omsyn til naturmangfaldet jf. 8-12 i naturmangfaldlova.

I vassdirektivet sine føringar må ikkje vasskvaliteten verta dårlegare enn før arbeidet tok til. Avrenning frå området og andre areal førar rett til sjø.

### *Framande artar*

Flytting av jord kan innebera spreining av framande artar, men erfaring frå andre jordtippa i området er at jordbruksdrifta med gjødsling, sprøyting etc. i stor grad er ein effektiv måte og hindra vidare oppformering. Søkjar bør vera merksam på denne utfordringa når anleggsarbeidet startar opp, og det må vurderast om det er problem med framande artar der massane kjem frå.

### *Transport*

Transport av massane vert utført med vogntog eller tippsemier. Vegen som vert nytta er fylkesveg og egen privat veg som er dimensjonert for bruken.

### *Støy/stø*

Anleggsarbeid medfører både støy og støv, men området ligg i avstand til andre grannar og ein vurderer difor at dette er eit mindre problem.

### *Konklusjon*

Det ferdig planerte arealet vil betre driftsgrunnlaget på garden og vera eit positivt tiltak. Det er ikkje registrert at natur- eller kulturverdiar vert råka av tiltaket. Kommunen har høve til å setja vilkår for å sikra at gjennomføring og ferdigstilling av arbeidet vert gjennomført i tråd med vedlagt plan og gjeldande lovverk. Knut Moren Straume står ansvarleg for arbeidet og har ein god plan på gjennomføring. Det kan berre kjørast til reine jordmassar og det må etablerast mottakskontroll. Ein bør så areala så tidleg som mogleg og **før hausten** då ein reduserar utslepp av klimagassar, ein hindrar noko avrenning og ein startar livet i jorda. Etter ei samla vurdering vert det gjeve løyve til tiltaket.

### **Regelverk**

Forureiningsforskrifta kap. 4. – bakkeplanering

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3042

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Knut-Morten Straume

SLETTEVEGEN 1335

5939

Sletta